

XXV

Ungdomen og skogen

Arvskoring i Norge tyrr og aa.

(Det Norske Ungdomslag og Studentmaallaget)

Landet vaart var ein gang ein fevrat land.

svart som svart land

Bagt gjaldk hever

vaartlys blaans la

og fjell. Ikkje

svart og svart

skogen, naar vinden

Enn glimt

svart i skumfoss mot strand

svart konom leikar ikkje lenger

svart herjar i grunn

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

svart. Kvar er

Du kann spara ymse unge tre som renn upp; du kann taka nye tre og setja dei, kvar du vil; so hev du moro av aa sjaa dei veksa. Det er ikkje liten hugnad det!

IVAR AASEN.



Oslo

Norigs ungdomslag og Studentmaallaget

1904

Ungdommen og skogen

Du kann spara frise unge
tre som tein opp; du kann taka
nye tre og selja dei kvar du vil;
so hev du more av na sja dei
veksa. Dei er ikkje liten hug-
nad dei!

Ivan Aasen



159598.

Prenta hjaa Johansen & Nielsen.

Avskoging i Norig fyrr og no.

(Ved skoginspektør Axel Hagemann).

Landet vaart var ein gong eit fagert land, fagert som faae land i verdi.

Høgt gjekk havet kring holmar og skjer, men innanfyre blaana landet med heid og nutar, med aas og fjell. Ikkje bert og fatigt med nakne rabbar og snaue lider; nei, vidt og breidt susa det i skogen, naar vinden leikande for yver Norigs land.

Enn glitrar soli paa kvite fjell, enn bryt havet i skumfoss mot strand; men kvar er skogen? Med honom leikar ikkje lenger vinden; nei, hardvêret herjar i grésne lider og stormen riv i opne moar. Kvar er den eikeskogen, som endaa fyr 300 aar sidan klædde Norigs strender, so dei fraa Austfold og alt upp til Trøndelag førde ut det sværaste eiketimber? den eikeskogen, som paa Agder stod so tett, at bønderne timbra husi sine av eikeplankar og gjerde um kaalhagarne med eik? Kvar er no den myrkdæmde barskogen, som breidde seg fraa fjell til fjell, og den ljosleitte bjørki, som Peder Clausson Friis tala um, daa han i 1599 skreiv, „at ein finn ikkje mange stader i Norig, der det ikkje er skog, so nær som paa dei høgste fjelli, der ikkje tre kann veksa fyr den svære vinden, endaa der er nøgdi med skog i dalarne attmed, jamvel der snøen ligg vinter og

sumar, so tre-i stend med grønt lauv midt i snø-fonni“?

Naar land vert rudd, maa skog vika! Det var ei tid hjaa oss og, daa skogen stod til meins fyr dyrkingslandet; og daa var det rett nok aa taka upp striden med dei vaapen dei hadde. Med eld og staal rekk ein langt, og no er ein komen so langt, at der er ikkje stort meir skog aa rydja; og ikkje treng ein det helder! Me hev dyrkingsland nok, ja meir enn nok, so me fyr *den* skuld ikkje treng um aa taka til skogen.

I rudningsarbeidet gløymer ein so lett, at det er ikkje alt land, Vaarherre hev tenkt skal dyrkast; noko er etla fyr skogen, og den som forgrip seg paa dette landet, han vil fyrr elder sidan faa røyna, at han kallar ei vaabøn nedyver seg og sine.

Fyrst og verst gjekk det ut yver Norigs skog paa havsida. Endaa hev ein segner um dei store lauseldarne, som herja skogen paa Jæren, ja heile Vestlandet 5—600 aar attende i tidi. Um Jæren vert det fortalt i 1599, at endaa stod gamle røykstover, bygde av timber, som var hogge der, endaa skogen alt den gongen var vekke vidt ikring.

No er Norigs havstrender — ein gong skogklædde fraa Lindesnes og alt upp til øvste Finnmarki — so avsnøydde, at det ofte synest mest faafengt aa faa tre til aa gro paa nytt.

For eit tap fyr landet! og skam fyr folket! Og ikkje er det den ting, at jordi vart dyrka, som hev lagt skogen i øyde; nei, ei vitlaus utøyding, ein virdlaus rovhogster, alt drive av eit folk utan framsyn, utan tanke lenger enn fyr dagen, det er det, som hev knekt skogen paa Vestlandet. Og slik avstyggjeleg øydeleggjing dreiv dei ikkje berre i gamle dagar, nei ho hev halde ved heilt ned til vaar tid.

Verst er det i dei nordlege landsluterne, der folket meir enn andre stader hev livt fraa hand og i munn. Di lenger nord, di verre. I langsamlige tider var det so, at dei indre dalarne og fjordbotnarne i Finnmarki og sume stader i Nordland var ei skogklædd øydemark, der einast fjellfinnen ferdast paa einslege stigar, og at det etter maaten var helder tettgrendt ute paa øyarne, der fastbuande nordmenn hadde heimstad. Kva er det so, som hev lokka folket fraa øyarne og inneretter til fjordarne? Det er skogen, einast skogen!

Jamvel den ytste havstrandi nord i Finnmarki var fyr 300 aar sidan skogklædd, aa segja naar ein med „skog“ meiner den bjørkekjørr, som kunde veksa paa strenderne og i liderne ute med ishavet so langt mot nord.

Alt er no burte. Øydeleggjingsverket er fullenda og havbaara rullar mot ublide, vêrbitne strender, der det i framtidi er uraad fyr den minste bjørkebuska aa finna livd og næring. Mest endaa verre enn ute med havet ser det ut inne i fjordarne i Finnmarki. Herinne, der naturi hev vore so gjevnmild, og der dei fyrr siglde ved lauvrike strender, hev landslaget i dei framfarne hundradaari vorte meir ublidt og audslegt aa sjaa til. Fjelli viser seg kvasse og snaue i himmelsynet. Fargarne stikk meir i det graae — landet hev mist skogen, sin fagraste prydnad.

Men „enno gamle sjøen er like fri fyr is“. Det er ikkje vêrlaget, det er her og menneskja, som hev lagt skogen i øyde. Avsnøydde lider med aln-høge stuvar, det synet møter oss allstad, der finnen hev havt sin gamme. Men heruppe kjem det ikkje skog att, der han ein gong er snøydd. Stormdrivet tek alt hardare og hardare, aur og stein losnar i nakne lider, til dess urdi heng alt

villare og villare ut yver dei gamle tufferne. Der skogen er burte, der er landet lagt i øyde, der kann ikkje folk bu og byggja. I Finnmarki, der kann ein alt ned til vaare dagar sjaa, korleis skogen og grenderne ute med havet minskar og kverv og søkjer innnyver mot dei inste fjordarne.

Ein talar so tidt um store skogbygder. Ja visst er det endaa so, at det i landet finst store vidder, som ein med rette kann kalla skogrike. Men alt er relativt. Jamvel i skogbygderne er skogviddi liti no mot det ho eingong var og atter maa *verta*. Og skogen er ofte so snauhoggen og skamfaren, at det er synd aa sjaa; so ein ofte kann kvida seg mot aa kalla slikt skog. Her i dei store innlandsbygderne er det fyrst i dei par siste mannsaldrarne, at skogøydeleggjingi hev breidt seg. Det er skil paa *hogging* og *snauhogging*. Aa hogga skog, naar ein ikkje snauhøgg (berrhøgg), det er fullt forsvarlegt. Skogen skal ikkje rotna paa rot, me skal nytta honom; men i all skog er det ein grunnkapital, som ein ikkje maa røra, um skogen skal løna seg og gaa i arv til komande etter.

Men nettupp dette gløymer folk so lett. Skogprisarne var gode, og skogen fekk betala leiken. Folk hogg i tide og dei hogg i utide. Langs etter elv og bekk voks det upp sagbruk som sopp um haust. Og dei skamfor daa skogen slik, at store stykkje ikkje meir vil skogrenna. Store vidder med nyttigt land vart soleis lyngmoar og myrmark; og skal det halda so ved, so Gud hjelpe dei, som etter kjem!

Skoggrensa gjeng tilbake, ikkje berre langs med havkanten, men i fjellet og! Dette er noko, som folk ser og veit svært godt; men so slær dei seg til rø med det, at menneskjeleg magt kann her inkje gjera. Det er vêrlaget, som hev skuldi,

trur dei. Men eg tenkjer, at mange stader, ja dei fleste stader er det netttupp menneskja — den norske bonden — som bær skuldi. Stølarne laag ofte i tregrensa elder ovanfyre; og so hogg folk stølsved og anna trefang til stølen av det, som nærmast stod, hogg ovanifraa — den vitlausaste hogging som tenkjast kann. Inkje under daa, at skoggrensa laagnar! Soleis er store vidder, der det fyrr var baade fure- og bjørkeskog — der det laag stølar, ja bygder, no vorte nyttelaust snaufjell.

Fagert var landet, som fedrarne let gaa til sønerne. Og korleis ser det no ut! Vilde fedrarne no „kjenna att sitt folk og sitt land“!

Me maa ropa eit varsku! Held me ved som til denne tid og skamfer skogen, so er det faare fyr landet. Me maa ikkje gløyma, at den, som skogen snøyder, han landet øyder og syndar mot sitt folk, baade mot den ætti, som no er og mot den, som etter kjem.

„Du gamle mor! du sliter arm,
so sveitten er som blod,
men endaa i ditt hjarta varm
og du meg gav min sterke arm
og dette ville mod,“

segjer diktaren. Lat oss daa bruka armen og modet og klæ vaar gamle mor lognt og varmt og verna um skogen, so ho kann sitja trygt og godt i alder og æve.

Skogplanting paa Vestlandet.

(Ved P. V. B. Deinboll, rektor ved lærarskolen paa Stord).

I gamle dagar var jamvel Vestlandet skogklædt fraa fjell og til fjøre. Strake rader med malmfast fure kranse fjord og sund. Paa ytste øy stod strandfura, seig og breid, og tok av mot storm og uver. I fjell og lid hang skogen som grøne skuggar. I dalbotnen surla bekk og elv under tettbygd kvelv. Aasbruni runda seg mjukt og mildt, klædd med storskog. Gjennom lange tider hadde naturi, seigt og trutt, gjort si gjerning. Kamb bak kamb gav mil etter mil livd og liv fyr dei tusund heimar paa Norigs lange strand.

Og no! — Storfagert med solglans paa bre' og hav, men — naken og graa ligg skjergarden med sine øyar og holmar. Bak oddar og nes stig det upp vêrbitne nutar og tindar med skredelaup og rap. Hytte og hus kryp bak haug og hamar og søkjer livd. Dei smaae aaker- og engbøterne lyser som oasar i ei øydemark av snauffjell og heid. Her og kvar møter oss ei einsleg fure, som luter seg med knuldrutte greiner mot marki, bøygd av sorg og sut yver den stutt-tenkte nordmannen, som saag paa vinningen i augneblinken og la milelange vidder i øyde. Leivderne av storskogen gøymer seg i dal og fjordbotn. Men myr og tjønn fortel den syrgjelege saga um det, som

skogarne paa Vestlandet var i framfarne tider. Dei kjemperne, som gav fedrarne vaare vyrkje i riklegt maal, — røterne av dei grev ein no fram av torvmyri.

Uvyrde hev nordmannen fare fram mot sin dyraste eignalut, skogen. Alt fraa den tid, daa fedrarne vaare rudde tuft og teig, og til den dag i dag. Fyrst ute med havet, so innigjenom fjord og dal, so høgt til fjells. Og like sorglaust held dei endaa ved, mange, altfor mange.

Men skogen maa ein verna.

Eit skogrigt Norig er eit megtigt Norig.

Eit skoglaust Norig vert fatigt og armt, vert ei halv øydemark, med skodde sigande inn yver nakne strender, myr der det er raatt, heid der det er turt.

Fylgjerne av skogøydeleggjingi hev alle stader vore: Storm og kulde utan vern, hite utan skugge, aakrar utan væte, land utan vatn, svidande turk um sumaren, flaum og skred um vaaren og hausten.

Skogen maa ein verna.

Ikkje berre dei leivderne, som no er att av den fyrre stordomen; nei, ein maa reisa skogen paa nytt, der han er avsnøydd. Difyr hev varmhuga, framsynte menn reist skogsaki yver heile landet.

Og skogen *kann* ein reisa paa nytt.

Enn kann Vestlandet, som no er so audt og snaudt, verta fagert klædt med grøne skogar som i gamle dagar. Og det maa ein gjera! Kosta kva det vil.

Det er ei livssak fyr Vestlandet.

Her er den reine skognaud. I hundradtal med bygdelag maa kjøpa hustimber, ofte lang undan. Paa mange gardar finn dei ikkje eingong ved. Sume stader er jamvel torvmyri tom.

Men me hev daa sjøen aa ausa av, segjer folk.



18 aar gammel planteteig paa Sætre paa Sunnmøre.

Mannen ved grindi er 28 aar gammel. Han var 10 aar, daa han saman med far sin tok til aa setja den skogen, som han no eig.

Sant nok; men hausten paa „blaamyri“ er ikkje vidare aarviss. Fjordfisket slær ikkje alltid til, og havfisket krev dyrare fiskebunad enn folk flest hev raad til. Og det gjeld aa byggja landet vidare fram, og daa maa ein skapa nye næringskjelder. Vert Vestlandet skogklædt paa nytt, so reiser det seg sagbruk, høvleverk og andre bruk ved fjord og vik og skapar liv og trygge kaar fyr mange, mange nye heimar. Og ungdomen finn her heime den lukka, som han no — ofte faafengt — søkjer i Amerika.

Jordi er viljug, berre me gjev henne ei hjelpande hand.

Me maa dyrka skog, saa og setja tre. So hev dei gjort andre stader i langsamleg tid.

Me og hev sett tre i dei siste 30—40 aar. Men for lite. Likevel hev ikkje arbeidet i desse aari vore nyttelaust. Det hev synt, at me paa nytt kann klæda Vestlandet, berre me tek oss paa tak og legg godviljen til.

Havkanten rundt, fraa landskilet mot Sverik og til Trøndelag, hev varmhuga menn reist større elder mindre planteteigar, til hugnad og gagn. Ved sjøbyarne vaare klyv no ungsbogen, keik og kjøn, upp berg og kleiv. Jamvel i den reine fok-sanden paa Jæren held tre-i stand mot havstormen og hardvêret. Snaufjell er klædde.

Tre-i veks godt paa Vestlandet. Her er framifraa skogjord. Og det vaatsame verlaget gjer, at trei veks snøgt og jamt. Den aarlege vokstertidi er lang. I 4-aars planteteigar hev ein funne aarsrenningar, som var yver 20 tumar lange. I teigar, som var planta fyr 30 aar sidan, finst det tre, som er 15 meter høge. Dei eldste planteteigarne saar seg alt sjølv. Og her ligg overlage store vidder, som no er berre ulende elder daarlegt beite,

men som kunde verta det beste skogland, um tre vart planta.

Det er no gild framgang i arbeidet med aa klæda Vestlandet. I dei 5 aari sidan ein tok upp skogsaki, hev ho vunne mange vener. Stat, kommune og private folk hjelper til. Skoglag er skipa. Kwart aar set ein fleire miljonar tre, og um 30 aar vil desse vera ein rikdom fyr mange heimar.

Men endaa er det faae, som er med i arbeidet. Skal ein vinna aa klæ dei endelause, avsnøydde øydemarkerne, maa alle vestlendingarne vera med. Kvinne og mann, bymann og bonde. Den, som hev ei krune aa umbera, inn i skoglagi! Og kvar den, som eig ein jordfleck, set tre! Det maa verta likso aarvisst aa setja tre som aa pløgja og saa.

Der plogen ei kann gaa
og ljaeen ikkje slaa
der bør eit tre aa staa!

Vilde kvar mann setja 100 tre um aaret, vart vaart Vestland um eit par mannsaldrar mange miljonar rikare og det storfelte landslaget enn fagrare.

Svært mykje av det, som staten og private gjev til skogsaki, gjeng til Vestlandet; difyr skyldar by og land her vest aa taka aalvorlege tak.

Eit skipertak eitkvart aaret duger ikkje.

Arbeidet vil gjeva rik velsigning og god rente.

Framum alt maa ungdomen med.

Skogsaki er ei framtidssak, og ungdomen eig framtidi. Eit folk, som det skal vera livsvon i, maa setja seg store oppgaaever og høge maal. Ungdomen eig hugmaal og framtanke. I tru paa ditt folks framtid og oppglødd fyr det høge maal aa gjera mor Norig rikare, friskare, lognare og fagrare maa du Norigs ungdom fylka deg um denne folkesaki i kraftigt arbeid. Um kvart av

dei mange ungdomslagi paa Vestlandet vilde ofra ein dag um aaret til dette arbeidet, skulde um 20 aar alle dei susande lundar fortelja deira ære og vitna um fedralandskjærleik av rette slag.

Enn um me valde den fyrste vakre vaardagen til plantedag? Møtte med grev paa nakken, naar det lyste av dag, klædde eit stykkje av mor Norigs jord med grønt og so ved solarglad etter endt dagsverk, med takk i hjarta fyr det landet, som Gud hev gjeve oss, song fedralandssongen.

Og barneflokken maa vera med. Desse mange tusund smaae arbeidaranne hev ein lang arbeidsdag fyre seg. Og dei kann gjera eit stort arbeid. I eit einaste prestegjeld her vest hev skuleborn i 3—4 aar alt sett 100 000 tre, som trivst framifraa. Det vil gro etter slikt arbeid! Alt arbeid til lukke og gagn fyr fedralandet gjer oss til betre menneskje.

At skuleborn her kann gjera godt arbeid, som det gror etter, det viser denne vesle saga: Olav og Ingebjørg kom ein dag so glade heim fraa skulen. Dei hadde hjelpt læraren med aa setja tre og so gav han dei med heim nokre smaae frukttre. No bad dei faren um lov til aa setja trøi i utkanten av potetaakeren framanfyre huset. Det laag i ei logn vik millom lyngklædde haugar. Tre fanst der ikkje. Nokre orekrekser hogg dei ned til ved, so snart dei voks upp. Anna gagn gjorde dei ikkje, meinte faren.

Men han var ein vitig mann. Han gav borni lov til aa setja dei smaae aplarne og kissebærtrei og sette gjerde ikring. Daa han saag, at borni stelte trei godt og hadde stor hugnad av aa sjaa dei veksa, let han dei setja bjørk og bartre paa haugarne kring garden. Alt treivst, og faren vart meir og meir glad i dei smaae trei, so han snart vart likso huga paa aa setja tre han som borni.

Han sette gjerde um eit stykkje mark til hage og sette tre. Ask og rogn og løn sette han langs med veg og stig og lind rundt tunet.

Daa læraren hadde set det, Olav og Ingebjørg hadde planta, tala han um det i skulen og minte borni um den nytte og glede, dei kunde faa av trei. Mange av borni vart oppglødde fyr tanken og fekk det annvint med aa setja tre, kvar ved sin heim. Men det var nokre, som meinte, det var taapelegt aa ha all den møda, naar dei kunde sleppa.

Nokre aar etter kom eg til den grendi, der Olav og Ingebjørg budde. Kring mange av gardarne var det no grøne lundar. Fure og gran stod paa knausarne. Bjørki stod ljøsleitt og væn i urdi. Linden anga i tunet. Bierne surra. I hagen stod aldetre og bærtre med den gildaste frukt. Blomar lyste i vindaugo. Alt saag velstelt ut.

Ingebjørg, no ei staut kvinne, henta meg eit glas vatn fraa brunnen. Vatnet var so friskt og klaart at eg undra meg paa, at dei hadde so godt vatn her ute med havet. „So godt er det vorte no sidan trei voks til,“ svara Ingebjørg. Og so fortalde ho um dei kjære trei sine. „Dei líver mot storm og uver um vinteren,“ sa ho, „og gjer at aaker og eng ikkje svid um sumaren. Smaa-fuglarne byggjer reir i trei kvart aar, gleder oss med sin song og reinskar hagen fyr makk og avaat. Linden nærer bierne, som gjev oss ein vakker skilling um aaret. Um sumaren ber me paa bordet her under lønen. Naar arbeidsfolket kjem heim um kvelden, kviler dei seg i den svale skuggen under trei. Det kostar mindre aa halda husi i stand her hjaa oss enn hjaa grannen, som ikkje hev sett tre. Hjaa honom riv og slit stormen i bordklødning og tak; for husi hans hev ikkje livd. Me

hev no nøgdi med trefang, baade til ved og vyrkje. Og sidan trei voks til, sit karanne trottigt heile vinteren med allslags trearbeid, som dei sel til bymannen.“


„Og so fint og fagert som her er,“ la ho til, og augo lyste.

Til sist synto ho meg eit par smaae eikjer, som endaa var for smaae til aa gjeva skugge.

„Eiki veks so seint,“ sa ho, „so me fær ikkje gagn av henne. Men det er hugnad aa sjaa henne veksa. Og naar me longe er burte, daa stend eiki her stor og staüt og gjev borni vaare skugge. Det er so godt aa vita, at me hev gjort litegrand til glede og gagn fyr dei som etter kjem.“

Lat oss alle tenkja slik som Ingebjørg, som fann si glede i den ljose voni, at andre langt fram i tidi skulde faa godt av hennar arbeid!

Og lat oss alle gjera som ho, setja so mange tre som raad er! Daa skal med tidi alle dei mange skogholt og lundar, me hev planta, spreida sitt fræ alt vidare og vidare, so Vestlandet til sist er skogklædt som i gamle dagar. Vaart arbeid skal signast til gagn fyr komande ætter.



Skogholt, som skuleborn planta i Røken fyr 12 aar sidan.

Norig som skogland.

(Ved Paul Gleersen, kontorchef i Det norske skogselskapet).


Mesteparten av Norigs land er fjellvidder, der folk ikkje kann bu og byggja; einast i byarne, ute med havet og inne i dei store fjordarne og dei djupe dalarne bur folket.

Fyrr landet vart bygt, voks skogen — som du hev høyrte — vill og tett fraa høgfjellet og like til havkanten. Men nedigjenom tidi hev folket rudt skogen med øks og eld, og dyrka mark hev vakse fram som ljosegrøne flekkjer i det myrk-dæmde skoglandet. Dei dyrka flekkjerne vart til gardar, gardarne vart til grender og grenderne til bygdelag.

Norigs jord er full med stein og berg, og ho er tung aa dyrka; difyr hev me lite aaker og eng her i landet. Mykje jord er endaa dyrkande; men størsteparten er so full med berg og stein, at inkje anna enn skog kann veksa.

Av den grunn kann me kalla Norig eit *skogland*; men eit *skogrikt* land er det ikkje.

Tenk deg, at denne firkanten er ei framsyning av heile Norigs land; den svarte flekken er all Norigs skog, den ørlitle remsa til vinstre fyr skogen er aaker og eng; so er heile resten av firkanten snaumark, fjell, vatn, myr, is og snø.



Paa denne vesle remsa dyrka mark bur altso folket. Skogen er 7 gongjer so stor som den dyrka marki, og øydemarki er 25 gongjer so stor; men skogen er likevel ikkje meir enn femteparten av heile Norigs land.

Mange land i Europa hev meir skog enn Norig. Sverik, Finnland, og Austrike t. d. hev mest 3 gongjer so mykje skog som vaart land, og Russland hev jamvel 30 gongjer so mykje. Ja, endaa til Tyskland og Frankrike, som maa føra inn mykje trelast, hev uppimot ein gong til so mykje skog som Norig. Men med di folketalet her i landet er so lite, kann me ikkje sjølve bruka upp alt trefanget, og me kann difyr selja noko til andre land.

Skogen er svært misjamn i landet. Mest hev dei austanfjells og nordanfjells; men vestanfjells langs med havstrandi er der mest inkje skog. Det er soleis inne i landet, me endaa hev skog; ute med havet er han burte; og størsteparten av trefanget maa dei der henta fraa skogbygderne inne i landet. Dette er dyrt og strævvalt fyr den fatige fiskaren; difyr arbeider ein no paa aa reisa uppatt skogen paa Norigs lange strand.

Men jamvel inne i landet er — som du hev høyrte — store vidder avskoga, og det er vaart store maal: ein gong aa klæda med skog kvar udyrkande plite av Norigs jord baade høgt upp mot fjellet og langt ut mot havet.

Daa skal Norigs rike meir smilande enn no stiga upp av det huskande hav, og skogen vil gjera det lognt og trivelegt i kvar den heim i landet og verta ei megtig kjelde til lukke og velstand fyr Norigs folk. Ja skogen gjer landet fagert!

Du unge, som hev havt den lukka aa faa veksa upp der inne i dei stille dalarne, der skogen veks, du kann knapt tenkja deg aa liva livet i dei harde kaar ute ved Norigs nakne strand i stendig

strid med havet, med brøt og brand, med rok og skumskavl.


Du skynar ikkje den dragande magti, havet hev. Du kjenner knapt noko fagrare syn enn den myrke storskogen. Du hev set solglansen kasta sitt gull yver furemoen med sine høge tre. Du hev svala deg paa moseblæja ved fjellbekken i den myrkdæmde granlidi, og du hev lengta mot freden ved dei stille tjønni i skogen.

Du elsker skogen! Millom gran og fure liver dine segner og æventyr um ville dyr og troll, um hulder og nykk, og naar du ferdast i skogen paa einslege stigar, kjenner du deg i nærare samband med allheimen, og „hugen leikar so vide“.

Men naar du vert vaksen, fær du eit anna syn paa skogen. Den barnlege kjærleiken til skogen er daa kanskje burte, og di hugsynsevne naar kann henda ikkje høgre enn til aa rekna ut, kor mange kroner du kann plukka ut av skogen. Daa gjeld det, um ein skal rekna deg millom dei, som heilt gløymer sin barndoms kjærleik og legg i øyde so mykje som raad er av jordi til fedralandet; elder um du jamvel i dine manndoms aar magtar aa halda uppe noko av det synet, du i ungdomen hadde paa skogen.

Skogen er til stor velsigning fyr heile landet og gjev arbeid og brød til svært mykje folk: til timberhoggarar, til køyrrarar, til flotarar og fabrikarbeidarar og til alle sjømenn, som sigler med trelast; men ikkje berre det: Av skogen fær me alt trefanget til hus, husbunad, ambod, gjerde, baatar og mangt anna; ja endaatil papiret i bladi og bøkerne er gjort av tre, og av det avfallet — topp og greiner —, som ikkje duger til timber, fær ein brennefang.

Paa denne maaten brukar me upp sjølve meste-parten av det trefang, som me hogg i skogen;



24 aar gamall planteteig i Ullensaker.

men endaa hev me noko til aa føra ut. Dei hev rekna ut, at me sjølve brukar mange gongjer so mykje som det me sel til utlandet; men likevel fær me inn i landet mest likso mange pengar fyr trevarerne me fører ut, som fyr all den andre utførsla. Du kann daa skyna, at skogen hev overlåg mykje aa segja fyr landet, og at det vilde vera ei stor landsulukke, um me ikkje lenger hadde trefang til husbruk og til utførsle.

Men korleis trur du no, at det er raad aa hogga i skogen i tusundtal med tre aar etter aar, ættled etter ættled og likevel sleppa aa dyrka marki i skogen? Trei er vokstrar, dei og, liksom kornet paa aakeren, og det veit du, at skal ein faa korn, maa ein pløgja, harva og gjødsla jordi, saa ut fræ og mylda det ned, og ugraset maa ein reinska vekk.

Ikkje noko av alt dette gjer ein i skogen, og endaa veks trei upp og vert til timber og ved. Er ikkje det merkjelegt, naar du fyrst tek til aa tenkja yver det?

Men det er noko endaa meir sermerkt ved den maaten, som skogen veks paa! Du veit, at ein haustar inn kornet kvart aar; men kor gamall trur du, at ein slik stor timberstokk er? Ja, det kann du finna ut sjølv; du tel berre ringarne (gaararne) fraa mergen i midten og ut til borken; for treet veks ein slik ring kvart aar. Du skal daa faa sjaa, at det er eldre enn baade far og mor, ja kanskje yver 100 aar gamalt!

Du hev nok set, at trei ber kongler sume aar. Paa konglerne er det smaae skal, og under dei sit fræet, og naar soli skin varmt um vaaren, oppnar skali seg og fræet fell ut. Legg ei frisk kongle, som du plukkar av treet, attmed omnen ei tid, so fær du nok sjaa det. Fræet hev ein liten veng, og med honom fyk det gjennom lufti langt

ikring fraa dei høge tretopparne, og fell det paa ein lagleg stad, tek eit lite tre til aa gro. Slik saar skogen seg sjølv!

Men skogtrei — gran og fure — maa verta minst 30 aar gamle, fyrr dei bør mogne fræ, og det hender berre sume aar; difyr er det, at me sankar inn fræ fraa trei og saar ut i skogen dei aari, daa der ikkje er fræ, elder me saar det i planteskular og el upp smaatre, som me sidan set ut i marki. Der det ingen skog er, maa me soleis *dyrka* skog, i det me saar og set tre, og det er det, me gjer alle stader, der skogen er avsnøydd. Naar du no veit, kor lang tid det tek fyr trei, fyrr ein kann hogga dei som timber, og naar du no likeins veit, kor stort verde jamvel dei unge trei kann ha, kva arbeid og slit det kostar oss aa skapa ny skog, so kann du skyna kor reint gale det er aa øydeleggja dei smaae plenterne og dei unge trei, noko som du kanskje ofte hev gjort i tankeløyse. Det er mange aars arbeid av naturi, som du med *ein* gong øydelegg, naar du bryt toppen elder greinerne av ungtrei, skjer dei i borken elder skader dei paa onnor vis. Du er daa som eit skadedyr fyr det fedralandet, som du syng so vænt um.

Tenk deg so, um me hogg ned all Norigs skog! Kva fylgjer fekk det fyr landet, trur du? — Jau:

Der bygdi fyrr laag lognt og i livd mot ver og vind, fri fyr skred og flaum, fagert og fint kransa med myrke graner og staut fure, der ligg no dalen naken og utriveleg, herja av kald fjellvind og snøstorm; og naar vaaren kjem, fløymer vatnet utan hindring nedyver dei nakne dalsiderne, riv med seg jord og stein, og dunen av skrederne høyrest millom dei graae fjelli. Fatigt og einslegt vert det

i bygderne, folket reiser or landet, gardarne vert lagde i øyde, „hædt og herja er Haralds rike“.

Slikt velde hev skogen yver landet! Slik magt ligg det i dei grøne trei, som gjer det lognt og stilt under fjellet.

Norig utan skog var nær sagt ei øydemark, der folk mest ikkje kunde bu; — no det fagraste land paa jord.

Utan skog var Norig fatigt! Med skog vert Norig rikt!

Med eitt slag kann me ikkje snøya all skogen i landet; men det er dette dei arbeider med, naar den eine garden fyre og hin etter, grend etter grend, bygd etter bygd misfer og øydelegg skogen og ikkje syter fyre, at ny skog kjem att staden. Det er dei unge trei, som skal gjeva etterkomaranne vaare timberskog til husbruk og til utførsle, og som skal gjera landet rikt og lukkelegt i framtidi.

Dette maa du aldri gløyma! Hugs paa det, at skogen er sameige fyr heile folket; for det er mykje paa skogen aa lita, um landet skal faa ei lukkeleg framtid. Me hev alle *rett* til aa bruka skogen paa ein vitig maate; men det er vaar skyldnad mot fedralandet aa reisa ny skog, etter kvart som den gamle vert hoggen.

Naar du les stykkjet: „Norigs avskoging fyrr og no“, vil du skyna, at me nordmenn i denne leid ikkje hev gjort vaar skyldnad mot fedralandet; og difyr er det, me hev reist arbeidet yver heile landet med aa gjera skaden god att.

I arbeidet fyr skogen maa me *alle* vera med, baade store og smaa, gamle og unge!


Men fyrst og fremst maa ungdomen med i dette arbeidet. I din hug vil me leggja det fræet, som skal brydda og veksa i heile Norigs folk til fred fyr skogen!

Vern um ungsbogen!

Lat dette vera herropet fyr ungdomen!

Tenk paa dette, naar du vert so stor, at du sjølv skal til skogs med øksi. Hugs paa det, at kvart ungtre, du læt staa, kvart tre, du set, og kvart fræ, du legg i jordi, er nye renningar, som ein gong gjev skogen verde.

Elskar du fedralandet og vil sjaa det lukkelegt i framtidi, so kjem du med i arbeidet fyr skogen! Dersom all ungdomen i landet fylkar seg um denne saki, vert arbeidet lett; for ungdomen hev framtidi til landet i si hand.



Slik saar skogen seg sjølv.

Framgangsmaaten, naar ein set tre.

(Ved lærar Øksnevad.)

Plantearbeidet i folkeskulen byrjar med ei rettleiding um framgangsmaaten, som er denne:

1. Lynget riv ein upp med henderne.
2. So tek ein vekk grassvorden (grastorvet) med grevet i ei vidd paa minst 10 dm².
3. Noko til vinstre paa den staden, der ein hev teke burt grassvorden, grev ein so upp eit hol, som skal ha i det minste *ei* loddret side. Holet skal vera 15 cm. langt, 10 cm. breidt og minst 20 cm. djupt elder so djupt som roti paa det treet, ein skal setja, er lang til.
4. Den jordi (moldi, auren), som ein grev upp, legg ein paa den flata, som ein hev teke grassvorden av, og til høgre fyr holet.
5. Fraa det eine holet til det andre skal det vera 1—1,25 m.
6. Ein maa sjaa seg fyre, so ein ikkje trakkar paa den jordi, ein hev grave upp; ho skal liggja laus, so det er lett vint fyr plantaranne aa taka henne.
7. Ein agtar paa, at ikkje røterne paa trei tonnar elder turkar ihop; ein held dei difyr godt yverbreidde med vaat mose, til ein set dei i jordi. Naar ein set treet, vert røterne godt spreidde, so dei kjem i sitt rette lægje.

8. Treet set ein inn til den loddrette sida av holet. I bakkehall set ein treet inn til den nedste sida av holet. Treet set ein so djupt ned i jordi, som det hev sta'e fyrr, helder litegrand djupare enn mindre djupt.
9. Ein smuldrar med høgre handi ein neve elder tvo av den finaste og best sundhakka matjordi, so ho vert utan klumpar, og legg henne so tett og fast inn til røterne; fyrst til dei røterne, som er nedst; jordi legg ein so traust inn til, at treet kann staa. So legg ein med henderne all den lause jordi ned att i holet og trakkar henne godt ihop med foten.
10. Grassvorden, som ein tok burt, legg ein so uppaa med jord- elder rotsida upp (grassida ned).
11. Treet maa ikkje verta staaande i ei søkk, men helder paa ein kuv. Jordi vert soleis litegrand opphauga elder oppkuva kring treet. Vert det for lite jord, tek ein av marki attmed treet.
12. Treet maa ein setja straks ein hev grave upp holet, so ikkje jordi fær tid til aa tonna og soleis missa noko væte.
13. Plantelina held ein so rett som raad er.
14. Ein maa fara vel med grevi.
15. Ein maa ikkje røykja elder gjera upp eld paa planteteigen.

Til
Norigs ungdom.

Den tidi me liver i, er ei viktig tid fyr fedra-landet. Det er ei nyreisings- og ei atterreisningstid paa so mange leider. Det gjeld daa, at den ættleden, som no er og veks til, kjenner sitt andsvar; for det er paa den aa lita, um atterreisingsverket skal lukkast til trivd og trygd fyr fedralandet.

Ja, mykje er velt og mangt er rengt her i landet. Eit framandmaal gneg og tærer paa sjolve livsnerven til folket. Rusdrykken fer endaa herjande yver by og land, mergstel folket og øyder lukka fyr den einskilde og fyr samfundet. Mistydd fredstale hugstel oss og svæver oss inn i ei dormande likesæle, so me jamvel er paa veg til aa tru, at det ikkje i vaar tid er naudsynlegt aa halda noko forsvar til vern um vaart sjolvstende som folk. Og skogen — dette materielle livsvilkaaret fyr folket vaart — er avsnøydd i store

luter av landet; og i andre snøydest han meir og meir.

I eit slikt land gjeld det — meir enn i noko anna land —

„at kvar den neve, her bid,
kjem med i vaart yrkjelag“.

Endaa kann me reisa landet paa nytt etter den store og lange nedfallstid. Endaa kann me gudskjelov med rette syngja:

„Sjaa no er det dag og no er det tid,
og dagen er Norigs dag“.

Men *det* maa me hugsa paa: Det fylgjer eit stort andsvar med aa liva i ei slik tid.

Tek me oss ikkje no mannjamt paa tak og legg all vaar hug og dug i atterreisingsverket, so er det grunn til aa ottast, at det sidan vert for seint. Og soga vil daa fella ein hard dom yver denne ættleden, som kunde syngja um „Norigs dag“, men ikkje let ord og *verk* fylgjast aat.

Nei, komande ætter maa ikkje faa grunn til aa harmast og lysa vaabøner yver oss; me maa og vil nytta den laglege tidi og hugheilt leggja all vaar vilje og kraft i arbeidet, so me fær eit fedraland, me kann kjenna oss heime i, og som det kann staa vyrdnad av.

Det norske skogselskapet hev hjelpt til aa faa

ut denne vesle boki, Ungdomen og skogen, som folkeskrift. I dette høve gjeld det daa serleg aa minna ungdomen um den luten av nyreisings- og atterreisingsverket, som nemnest skogsaki.

Ungdomslagi kann, ikkje berre utan skade, nei jamvel til stor bate fyr dei andre oppgaaerne, dei hev sett seg, vera med i arbeidet fyr skogen. Kvart ungdomslag bør, so sant det paa nokon maate er høve til det, samlast ein dag um vaaren og bruka honom til plantedag. Og kvar einskild ungdom bør setja tre kring tunet til far og mor, og soleis hjelpa til aa gjera heimen logn og triveleg. Naar ungdomen gjer dette, vil den ættleden, som no veks upp, med sterkare band verta knytt til heim og fedraland. Den heimen held ein av og det landet vert kjær, der ein hev gjort arbeid, som ein ser det gror og veks etter. Um *den* heimen og um *det* landet syng me med eldhug:

„Her er vaar fedrajord,
her bur far og mor,
her vaar framtid gror!“

Fram daa frendar!

N. G.

